



Praktisk-pedagogisk utdanning - allmennfag



Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) for allmenne fag er eit påbyggingsstudium som kvalifiserer deg til arbeid som lærar. Det betyr at du byggjer PPU på ein allmennfagleg kompetanse du har frå før. PPU ved Høgskulen i Volda vektlegg faga sin eigenart i skulen, profesjonsbasert digital kompetanse for læring, samt verdien av praktisk estetisk læringsarbeid i skulen. Studiet tilbyr fleksibelt opplæringstilbod med nettbasert og modulbasert undervisning. Høgskulen i Volda har praksisskuleavtalar med skular i Møre og Romsdal og Nordfjord, men legg også til rette for praksis nasjonalt.

Studieinnhald

Studiet er sett saman av emna pedagogikk (30 stp.) og fagdidaktikk (30 stp.). I tillegg er det lagt opp til 60 dagar med praksis på ungdomssteget og i vidaregåande opplæring. Programmet skal gi deg kompetanse i å planlegge, gjennomføre og kritisk vurdere undervisning. Det vert fokusert på klasseleing og læringsmiljø og korleis gode relasjonar til og mellom elevar kan utviklast. Etik og yrkesidentitet og samarbeid med elevar/lærlingar, kollegaer, og føresette er også vektlagt i studiet. Det er aktuelt å tilby fagdidaktikk drama, engelsk/framandspråk, kroppsøving/idrett, kunst og handverk, realfag (matematikk/naturfag), musikk, norsk, RLE, samfunnsfag(historie, geografi, sosiologi, statsvitenskap, samfunnsvitskap, statsvitskap, sosialantropologi) og mediefig. Oppstart er avhengig av at det er nok kvalifiserte søkjarar til kvar fagdidaktisk gruppe og nok praksisplasser for studentane

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Vi føreset at du kjem til studiet for å utvikle deg som lærar. Gjennom varierte arbeidsformer, som krev stor grad av studentaktivitet og samarbeidslæring prøver vi å legge til rette for dette på best mogleg måte. Det er ein føresetnad at studentane er aktive brukarar av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Canvas er høgskulen sin digitale læringsplattform, og studentane må aktivt bruke denne i arbeidet med studiet. Ein del av læringsaktivitetar vil skje i samlingar, men mykje vil også skje på digitale plattformer.

Aktuelle yrke og vidare studium

Praktisk pedagogisk utdanning er ei profesjonsutdanning som kvalifiserer for lærararbeid på mellom- og ungdomssteget i grunnskulen, i vidaregåande skule, i vaksenopplæringa og innanfor høgare utdanning i dei fagområda studentane er

Studiepoeng / lengd: 60 / 4 semester (2 år)

Opptakskrav: Fullført mastergrad som inneheld minst ett relevant fag som gir kompetanse til å undervise, eller Bachelorgrad med inntil tre fag som gir kompetanse til å undervise i praktiske og/eller estetiske fag i grunnskule. Eit av faga kan erstattast av drama/teaterfag. Det må inngå fordjuping på minst 120 studiepoeng i eit fag. Øvrige fag må ha eit omfang på minst 30 studiepoeng. Det stilles krav om gjennomsnittskarakter C eller betre frå bachelorgraden. For HVO sine bachelorprogram vil dette gjelde bachelorgrad i Design, kunst og handverk, Idrett og kroppsøving, Teater og drama og Musikk. Merk at